

Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep
0032 Oslo

Etatsstyringsmøte 10.06.08 Innmelde saker

Vi viser til tildelingsbrev 20.12.07 for 2008, og melder inn slike saker til møtet 10.06.08. Dei aktuelle sakene har grunnlag i eit formøte delegasjonen hadde 16.05.08, der dei to eksterne styremedlemene og SP-leiar deltok.

1. Den samla bygningsmassen. utfordringar

Høgskolen i Bergen har i ulike samanhengar understreka at vi har ein bygningsmasse som ikkje er eigna til høgskuleføremål (sist i brev 18.12.07 og i Rapport og planar (2007-2008). Dei siste åra har vi innanfor budsjettamma gjort det som er mogeleg for å betra situasjonen. KD har sagt til nei til større prosjekt utanfor ramma med grunngeving nybygget. Høgskolen konstaterer at vi etter 14 år veit like lite som i 1994 om det kjem nybygg eller ikkje (jf spørjetimen 30.03.08).

2. Kunnskapsinstitusjonane som samfunnsutviklarar (jf samfunnsmandatet)


Saka reiser ei rekkje spørsmål, t.d.:

- Institusjonane har ulike vilkår for å gå inn i dette arbeidet (jf institusjonar med ledige studieplassar)
- Korleis prissetja tenestene i høve til samfunns- og næringsliv? Skal ordinær konsulentløn vera retningsgjevande?
- Korleis vil departementet leggja til rette for å fremja slik verksemd?

3. Spørsmål i tilknytning til VRI

VRI-programmet er inne i den første fasen, og er organisert ulikt mellom regionane. Så vidt høgskolen kan vurdere, er det også svært ulikt i kva grad programmet fremjar kontakt mellom FoU-miljøet ved institusjonane og næringslivet. Dette kan gjera det endå meir viktig å vidareføra SHP-programmet slik det no er organsiert. Spørsmål: Korleis ser KD på framtida for VRI og SHP?

Med helsing


Eli Bergsvik
rektor


Nils Mæhle
høgskuledirektør

Kopi: Delegasjonen